



Per 27.11.2025




Møre og Romsdal
fylkeskommune

Informasjonshefte for hjelpeinstans – 2026

Reglar for innsøking til vidaregåande opplæring

- for elevar som søker om rett til fortrinn eller individuell behandling i inntak
- for elevar som vil melde frå om tilretteleggingsbehov



Innhald

Informasjonshefte for hjelpeinstans – 2026	0
Om heftet	3
Forkortingar	3
Vedtakskodar i Vigo → Qlik	3
Internkodar ved innsøking i Vigo → Vigo Skole	4
Kontaktinformasjon	5
Kontaktpersonar ved KON om inntak for elevar med tilretteleggingsbehov	5
Kontaktpersonar KON og for særskilt tilrettelegging ved dei vidaregåande skolane	6
Årshjul 2026	7
Praktisk info om innsøking	9
Søknad om fortrinn eller individuell behandling	10
Melding til skolen om behov for tilrettelegging	10
Kvar blir innsendte dokument lagra?	11
Rutinar for innsøking av elevar med store tilretteleggingsbehov – fortrinn	12
Rekkefølge	12
Melding frå kommune før søknad om fortrinn: «oktobermeldingar»	12
Rettar i inntaket for elevar med behov for individuell tilrettelegging	15
Rett til inntak med fortrinn for elevar med ITO	15
Rett til individuell behandling for elevar med ITO	17
Rett til individuell behandling for elevar med særskilt språkopplæring	18
Rett til individuell behandling i inntaket pga. tungtvegande årsaker	18
Rett til individuell behandling pga. manglande karakterar	20
Vurdering av rekkefølge for søkarar til 1. februar	20
Kven gjer kva i inntaksprosessen?	21
Fullføringsretten for elevar med store hjelpebehov og mål om lågare sluttkompetanse	23

Elevar som søker ordinært inntak og vil melde om behov for tilrettelegging	25
Kven gjer kva etter at melding om behov for tilrettelegging er sendt inn?	26
Tilpassa opplæring og individuell tilrettelegging	27
Har eleven utbytte av den ordinære opplæringa?	27
Dokumenttrekka fram til ITO	28
Behov for individuell tilpassing av opplæringsløpet	30
Reservasjon av skoleplass	31
Meir opplæring	31
Generell informasjon	33
Avdeling Fannefjord	33
Elevar busett i barnevernsinstitusjon	34
Behov for tilrettelagt skyss	35
Undervisning utanfor skolen/ Heimeundervisning	35
NAV hjelpemiddelsentral	35
Tolk	36
Vidaregåande opplæring ved Tøndergård skole og ressurscenter - PPT	36




Om heftet

Målgruppa for heftet er tilsette i vidaregåande opplæring, PPT for vgo, rådgivarar ved ungdomsskolar og andre som hjelper elevar i innsøking til vgo. Heftet er meint som eit hjelpedokument for å følgje lov og forskrift.

Det inneheld informasjon om søking til vidaregåande opplæring for elevar som vil søke om rett til fortrinn eller individuell behandling i inntak til vgo i Møre og Romsdal. I tillegg finn du rutinar for å melde frå om tilretteleggingsbehov og informasjon om arbeidet med tilrettelegging av opplæringa.

Heftet og skjema for innsøking m.m. finn du på heimesida til fylkeskommunen her:

<https://mrfylke.no/tenester/skole-og-opplaring/opplaring-i-skole/overgang-og-innsoking-til-vidaregaande/sok-vidaregaande-opplaring/>



Forkortingar

Forkorting	Kva står det for:
ITO	Individuelt tilrettelagt opplæring (tidlegare spesialundervisning)
IOP	Individuell opplæringsplan
VGO	Vidaregåande opplæring
USK	Ungdomsskole
KON	Kompetanse- og næringsavdelinga


Vedtakskodar i Vigo → Qlik

Vedtakskodar	Kva står det for:
FF	Vigo: Fortrinn særskilt tilrettelagt Elev som har fått fortrinn etter § 4.22 pga. sterkt nedsett funksjonsevne og rett til ITO
FT	Vigo: Fortrinn opplæring i teiknspråk Elev som har fått fortrinn pga. rett til opplæring på teiknspråk
FS	Vigo: Fortrinn særskilt utdanningsprogram Elev som har fått fortrinn til eit bestemt utdanningsprogram
IG	Vigo: Individuell behandling manglar karakterar Elev som har fått individuell behandling i inntak til Vg1 dei manglar meir enn halvparten av karakterane frå ungdomsskolen

IB	Vigo: Individuell behandling tungtvegande grunnar Elev som har fått individuell behandling med inntak til ein skole nær nødvendig oppfølging
SU	Vigo: Individuell behandling utvalde kompetansemål Elev som har fått individuell behandling pga. mål om lågare sluttkompetanse
SG	Vigo: Tilrettelagt opplæring manglar karakterar Elev som har fått individuell behandling pga. rett til ITO og vurdering utan karakterar
O	Vigo: Overført til ordinært inntak (Avslag) Elev som ikkje har fått innvilga søknad om fortrinn eller individuell behandling
A	Avslag

Internkodar ved innsøking i Vigo → Vigo Skole

Kodar	Kva står det for:
1	Eg er minoritetsspråkleg søkar: B – Ikkje EU-borgar U – EU-borgar V – Eg har særskilt språkopplæring
3	Eg søker tilbud ved Romsdal vgs, avdeling Fannefjord, og sender inn søknad dit
5	Eg har behov for tilrettelegging: Q – Eg har rett til ITO og sender meldeskjema T – Eg har vanske el. behov for tilrettelegging som skolen bør vite om, og sender meldeskjema A – Eg har dysleksi B – Eg ønsker oppfølging etter IKO-modellen
7	Eg søker individuell behandling etter § 4-20 i opplæringsforskrifta: A – Eg har ITO og har fritak (F) frå karaktervurdering i meir enn halvparten av faga B – Eg har ITO og manglar karaktervurdering i meir enn halvparten av faga C – Eg manglar karaktervurdering i meir enn halvparten av faga frå usk pga. høgt fråvær D – Eg har særskilt språkopplæring og manglar vurdering i meir enn halvparten av faga E – Eg har vitnemål frå godkjent 10-årig skole (F.eks. Steinerskole eller internasjonal skole) F – Eg har ikkje samanliknbart karaktergrunnlag (F.eks. vitnemål frå utland el. privat grunnskole) G – Eg har realkompetansevurdering og har fått godkjent meir enn 50% av faga på vitnemålet H – Det ligg føre tungtvegande grunnar m. særleg behov for opplæring nær bustad eller nødvendig oppfølging



Kontaktinformasjon

Kontaktpersonar ved KON om inntak for elevar med tilretteleggingsbehov

Kari Trøen Aune

kari.troen.aune@mrfylke.no

71 28 03 66

Fortrinn og individuell behandling i inntak, melding om tilretteleggingsbehov, oktobermelding frå kommune m.a.

Anita Sæther

anita.sether@mrfylke.no

71 28 03 69

Fortrinn og individuell behandling i inntak, melding om tilretteleggingsbehov, oktobermelding, web og skjema m.a.

Øyvind T. Reiestad

oyvind.tallaksen.reiestad@mrfylke.no

71 28 05 94

Fortrinn i inntak, oktobermelding frå kommune og opplæring for elevar ved institusjonar m.a.

Sissel I. H. Nerland

sissel.iren.hartvigsen.nerland@mrfylke.no

41 21 43 27

Koordinator for pedagogisk-psykologisk teneste for vidaregåande opplæring (PPTvgo) m.a.

Mette E. Hestad

mette.eikrem.hestad@mrfylke.no

71 28 03 71


Individuell behandling i inntak, gjesteelevar utvekslingslevar, vilbli.no m.a.

Yngvild Elvemo

yngvild.elvemo@mrfylke.no

71 28 03 91

Individuell behandling i inntak, Vigo, fylkesstrategi, tilbudsplan m.a.



Kontaktpersonar KON og for særskilt tilrettelegging ved dei vidaregåande skolane

Skole	KON – Inntak	Kontaktperson skole
Atlanten	Anita Sæther	Rune Nordhaug
Borgund	Kari T. Aune	Ingrid Beate Sæther og Geir Sandal
Gjermundnes	Anita Sæther	Sunniva Blom
Haram	Øyvind T. Reiestad	Hilde Aasgaarden
Herøy	Kari T. Aune	Åse Jill Moe
Hustadvika	Kari T. Aune	Anita Haukaas
Kristiansund	Kari T. Aune	Brit Inger Gaarden
Molde	Anita Sæther	Sivert V. Beinset
Rauma	Kari T. Aune	Cecilie Gudmundsen
Romsdal	Anita Sæther	Elin Grydeland
Avd. Fannefjord	Anita Sæther	Anne Wesnes og Solveig Fauskanger
Spjelkavik	Anita Sæther	Anita A. Solevåg og Ragnhild Mork
Stranda	Anita Sæther	Tove Lersveen
Sunndal	Kari T. Aune	Ingunn Haugen
Surnadal	Kari T. Aune	Kristin Holten
Sykkylven	Øyvind T. Reiestad	Marita Mandal
Tingvoll	Kari T. Aune	Ane Os
Tøndergård	Anita Sæther	Tord Slettahaug
Ulstein	Anita Sæther	Gunhild Snipsøyr
Volda	Kari T. Aune	Kristin Bakke Sæterås
Ørsta	Anita Sæther	Anne Mette Sætre
Ålesund	Øyvind T. Reiestad	Julianne Breivik og Anne Marthe Nerland

Årshjul 2026

Fram til mars kan elevane få vedtak om tilpassa løp. Etter mars kan meir opplæring vere aktuelt

Januar	Februar	Mars
Godt nytt år! Skolen hjelper eleven med søking til vgo www.vigo.no Opnar for innsøking i januar. PPT ferdigstiller sakkunnig vurdering for elevar som søker særleg utdanningsprogram (§ 4-21) og har sendt oktobermelding Meir informasjon om innsøking: www.mrfylke.no Alle søkarar kan legge inn førehandssvar i Vigo når dei søker.	2. februar <u>Søknadsfrist for:</u> - fortrinnsrett - individuell behandling Skjema med dokumentasjon blir tilgjengeleg for dei vidaregåande skolane i Websak Søkarlister og webskjema med dokumentasjon for 10. klassingar som søker om fortrinn blir overført til PPT av fylkeskommunen Vidaregåande skolar sender skjema til PPT viss elevar som søker Vg2 og Vg3 treng ny sakkunnig vurdering, ny uttale osv. Samarbeid mellom vgs og KON-inntak om inntak med fortrinn. Informasjonsdeling og samarbeid i IOP-sky KON har heildagsmøte om elevar med tilretteleggingsbehov for dei vidaregåande skolane og PPTvgo i løpet av februar 28. februar er frist for å fatte vedtak om tilpassa løp for elevar som treng meir tid for å fullføre opplæringa	2. mars: <u>Søknadsfrist for ordinære søkarar</u> Også søknadsfrist for søkarar som sender inn skjema med melding om tilretteleggingsbehov. Skjema blir automatisk overført til skole KON gjer ferdig lister over elevar som søker om fortrinn til skoleåret 2026/ 2027 i IOP-sky: Kva tilbod eleven får og kva for vedtakskategori m.a. Midten av mars: Inntak for elevar som får innvilga fortrinn PPT får liste over elevar som får innvilga fortrinn og utarbeider sakkunnig vurdering KON-inntak startar arbeidet med elevar som har søkt om individuell behandling og deler med skolane via IOP-sky
April	Mai	Juni
Manuelt innsendte skjema blir gjort tilgjengeleg for dei vidaregåande skolane i løpet av mars-april Vidaregåande skolar har søkarlister og inntakslister i Vigo Skole og i IOP-sky Skole og PPT samarbeider om å planlegge opplæringstilbodet for elevar som fekk inntak med fortrinn. Og PPT utarbeider ny sakkunnig vurdering for alle elevar med fortrinn som skal starte på Vg1. For Vg2 og Vg3 skal skole og PPT vurdere om sakkunnig vurdering skal/ kan gjelde også neste skoleår Melding om behov for tilrettelegging: Skolane gjennomgår og fordeler skjema internt. PPT er samarbeidspart i denne prosessen PPT får lister over elevar som har søkt om individuell behandling og manglar meir enn halvparten av karakterane frå tiande klasse i løpet av våren.	31. mai: PPT gjer ferdig sakkunnige vurderingar for elevar som fekk fortrinn i mars. Skolane startar arbeidet med å fatte enkeltvedtak og utarbeide IOP for desse elevane i InSchool når elevane blir tilgjengelege der Møte mellom skole, elev/ føresette og PPT for elevar som har meldt om behov for tilrettelegging, og for elevar som har søkt om individuell behandling i inntaket I løpet av mai 10.-klassingar som har fritak for karaktervurdering (F) i meir enn 50% av faga og har rett til ITO får melding om inntak etter individuell behandling	Skolane skriv sluttvurdering/ årsrapport for elevar med IOP inneverande skoleår Skolane brukar same rutinar for å vurdere tilretteleggingsbehov for alle elevar som får individuell behandling Elevar som har deltatt i opplæringa, men ikkje bestått kan søke om meiroplæring når karakterane er satt God sommar!

Juli	August	September
1. gongs inntak 6. juli: Melding om inntak for: - ordinære søkarar - søkarar som får individuell behandling - søkarar med melding om tilretteleggingsbehov Skolane fortsett arbeidet med plan for kartlegging og møter for elevar som søker om individuell behandling og elevar med melding om tilretteleggingsbehov 2. gongs inntak 27. juli: KON-inntak gir skolane lister over elevar som har kome inn på anna tilbod enn første ønske, slik at skjema med dokumentasjon kan fordelast til riktig skole Ansvarleg ved skolen må gjere sakkunnig vurdering og enkeltvedtak tilgjengeleg i InSchool for dei som skal skrive IOP	17. august er skolestart Elevar med melding om tilretteleggingsbehov: Skolane arbeider med kartlegging/ vurdering av behov for ITO. PPT skal vere samarbeidspart i prosessen Skolane fattar enkeltvedtak og utarbeider IOP i InSchool for elevar som fekk fortrinn og inntak i mars Overgang frå 10.kl. til vgo: For elevar som har stort skolefråvær skal PPT og skolen samarbeide om ein god skolestart (Qlik). Arbeidet startar hausten eleven går i tiande klasse. Sjå Rettleiar for ein trygg og god overgang til vidaregåande skole for ungdom med stort fråvær 	Kartlegging og utprøving av tilretteleggingstiltak for elevar som har meldt om behov for tilrettelegging PPT utarbeider sakkunnige vurderingar for elevar med opplagt behov for ITO der skolane bestiller dette Bestilling av PP-tenester skjer kontinuerleg etter kartlegging/ utprøving når pedagogisk rapport er ferdig PPT arbeider med sakkunnig vurdering etter bestilling. Bestilling skal komme frå spes.ped.-ansvarleg ved skolen Skolane må be om å få fordelt vedleggsskjema for elevar dei har teke inn frå ventelister. Skolane fordeler seg imellom Skjema sendt inn utan at eleven begynner opplæringa kan avskrivas av arkivar ved skolen
Oktober	November	Desember
1. oktober: Melding frå kommunane til KON-inntak om elevar i 10. klasse som vil søke om fortrinn - Oktobermelding Skolane vurderer om elevar kan ha behov for tilrettelagt løp Orienteringsmøter om inntak til vgo for elevar med tilretteleggingsbehov i regi av KON-inntak i løpet av oktober-november. Informasjonshettet kjem ut i ny utgåve kvar haust 	KON-inntak går gjennom oktobermeldingar frå kommunar i løpet av november-desember og vidareformidlar nødvendig informasjon til dei vidaregåande skolane Kontinuerleg arbeid med sakkunnig vurdering, enkeltvedtak og IOP for elevar med rett til ITO som har meldt frå om tilretteleggingsbehov, og eventuelle andre Førebu innsøking: 2027/ 2028.	KON bestiller og PPTvgo utarbeider sakkunnig vurdering for elevar som skal søke særleg utdanningsprogram på Vg1 (§ 4-21) Frå skolestart og fram til mars vurderer skolane om elevar har behov for tilpassa løp KON informerer dei vidaregåande skolane om eventuelle behov for å skaffe særskilt kompetanse eller gjere bygningsmessige tilpassingar ut frå gjennomgang av oktobermeldingar 

Praktisk info om innsøking

Både Vigo og webskjema krev at eleven brukar elektronisk ID

SELECT AN ELECTRONIC ID	
	MINID Use codes from SMS or PIN code letter
	BANKID Use BankID app, code chip or BankID on mobile
	BUYPASS ID Use Buypass ID on smart card or mobile
	COMMFIDES Use smart card

Frå 13 år kan ein opprette MinID som kan brukast til m.a. å søke om skoletilbod i vgo, søke stipend i Lånekassen, ta imot viktige brev i digital postkasse, signere avtaler, melde flytting, endre skattekort osv. For å få elektronisk ID må ein bestille eit aktiveringsbrev via www.aktiveringsbrev.minid.no. Dette brevet er gyldig i 60 dagar, og ein kan ikkje bestille nytt i løpet av denne perioden. Det er derfor viktig at ein aktiverer elektronisk ID innan

perioden går ut. Aktiveringsbrevet forklarar kva ein skal gjere.

Alle som søker vidaregåande opplæring skal søke via www.vigo.no

Det er viktig at det er elevens individuelle elektroniske ID som brukast. Alle skal ha slik, uavhengig av funksjonsnivå. Den som ikkje er i stand til å bruke slik ID må få hjelp av føresette/ verje.



Det er viktig at rådgivar ved skolen der eleven går hjelper til med å fylle ut relevante skjema og legge ved nødvendig dokumentasjon.

Søknad om fortrinn eller individuell behandling

For å søke 1. februar om fortrinn eller individuell behandling i inntak til vgo må ein i tillegg til søknad i Vigo sende inn skjema med relevant dokumentasjon for saksbehandling.

Søk om skoleplass i Vigo

Her finn du informasjon om innsøking og inntak til vidaregåande opplæring

Søkeportal

Alle som skal søke vidaregåande opplæring (både ungdom og vaksne), skal bruke søkeportalen Vigo

[Søk vidaregåande opplæring på vigo.no](#)

[Les om ulike utdanningsprogram på vilbli.no](#)

Søknadsfrist

- **1. mars** er søknadsfrist for ordinært inntak
- **1. februar** er søknadsfrist for å søke om fortrinn og individuell vurdering. Rådgivar ved skolen der eleven går no skal hjelpe eleven med å søke.

Støtteark til utfylling av webskjema - søke fortrinn eller individuell vurdering (DOCX, 38 kB) (Rådgivar kan bruke dette til å førebu)

Vedlegg til søknad om fortrinn eller individuell behandling i inntak til vgo 2026/2027

Informasjon

Dette skjemaet skal sendast inn som vedlegg til søknad om fortrinn eller individuell behandling i Vigo. (åpnes i ny fane)

Informasjonen blir sendt til fylkeskommunen og den vidaregåande skolen der eleven får skoletilbod. Det blir også sendt til PPT for vgo om eleven treng individuelt tilrettelagt opplæring.

Rådgivar ved skolen der eleven går skal hjelpe eleven med å fylle ut skjemaet. Om ungdommen ikkje går skole ber ein likevel frå hjelp av ein instans knytt til skole.

Korleis behandlar vi informasjonen?

Informasjonen blir kryptert før den blir sendt til oss. Vi vil oppbevare og behandle den på ein sikker måte, og kun gjere den tilgjengeleg for dei som treng det for å ivareta formålet.

Kor lenge lagrar vi informasjon?

Informasjonen blir lagra så lenge vi har behov for det for å oppfylle formålet. Vi er pålagt å arkivere informasjon for ettertida i tråd med gjeldande lovverk.

Kva er det rettslege grunnlaget for behandlinga?

Lovverket krev at vi yter våre offentlege tenester, og tillet at vi behandlar personlig informasjon i den samanhengen.

[Lenke til mrfylke.no der ein finn info om å søke om fortrinn eller individuell behandling](#)

[Lenke til søknadsskjema for fortrinn og individuell behandling](#)

Melding til skolen om behov for tilrettelegging

Elev som ikkje søker om rett til fortrinn eller individuell behandling kan også ha tilretteleggingsbehov det er viktig å melde frå om.

Melding om behov for tilrettelegging i vgo 2026/2027

Informasjon

Bruk dette skjemaet til å gi informasjon om tilretteleggingsbehov i vidaregåande opplæring.

Du kan melde frå om:

- Vanske/ behov for tilrettelegging av opplæringa
- Rett til individuelt tilrettelagt opplæring (tidlegare spesialundervisning)
- Behov for særskilt språkopplæring
- Behov for tilrettelegging av opplæring i bedrift

Korleis behandlar vi informasjonen?

Informasjonen blir kryptert før den blir sendt til oss. Vi vil oppbevare og behandle den på ein sikker måte, og kun gjere den tilgjengeleg for dei som treng det for å ivareta formålet.

Kor lenge lagrar vi informasjon?

Informasjonen blir lagra så lenge vi har behov for det for å oppfylle formålet. Vi er pålagt å arkivere informasjon for ettertida i tråd med gjeldande lovverk.

Kva er det rettslege grunnlaget for behandlinga?

Lovverket krev at vi yter våre offentlege tenester, og tillet at vi behandlar personlig informasjon i den samanhengen.

[Les meir om personvern. \(åpnes i ny fane\)](#)

[Avbryt](#) [Fortsett til utfylling](#)

Skjemaet er for informasjonsoverføring til den vidaregåande skolen og blir ikkje saksbehandla av fylkeskommunen.

[Lenke til skjema for å melde frå om behov for tilrettelegging](#)

Kvar blir innsendte dokument lagra?

Fylkeskommunen sitt sak- og arkivsystem


Dokumenta blir lagra i Websak, der alle elevar får ei opplæringsmappe. Her skal informasjon om eleven si opplæring med krav om langtidslagring arkiverast. Vedleggsskjema i samband med innsøking skal ligge her, samt alle vedtak og varsel osv.

InSchool

InSchool er ein skyteneste som digitaliserer skoleadministrasjon for vidaregåande skole. Systemet administrere arbeidsdagen for elevar, lærarar og administrasjonen ved skolen. Det skal også legge til rette for kommunikasjon mellom skole og heim. Arbeidet med enkeltvedtak som f.eks. om rett til individuell tilrettelagt opplæring, og skriving av IOPar skjer i InSchool.

IOP-sky

IOP-sky er fylkeskommunen si skyløysing for internt arbeid med dokument som har innhald underlagt teieplikt. Skya har totrinns pålogging, slik at personsensitivt innhald kan lagrast og delast trygt her. Skya vart opprinneleg laga for å skrive IOPar, derav namnet, men brukast til anna også. Alle som jobbar med elevar ute i fylkeskommunen sine skolar har tilgang til IOP-skya.



Rutinar for innsøking av elevar med store tilretteleggingsbehov – fortrinn

Rekkefølge

Kva	Når	Ansvar
Melding frå kommune om elevar som vil søke fortrinn	1. oktober	Kommune/ ungdomsskole
Søke fortrinn i Vigo Sende skjema m. dokumentasjon	1. februar	Hjelpeinstans/ rådgivar skole Ungdomsskole og vidaregåande
Saksbehandling	Februar-mars	KON, seksjon inntak
Inntak – melding om skoletilbod	Medio mars	KON, seksjon inntak

Melding frå kommune før søknad om fortrinn: «oktobermeldingar»

Gjeld alle elevar i 10. klasse som vil søke om fortrinnsrett i inntaket til vgo.

Meldinga skal sendast fylkeskommunen innan 1. oktober hausten eleven går i tiande klasse, og søknadsfristen er 1. februar.

Meldinga er ikkje ein søknad og er ikkje bindande, men eit varsel for at fylkeskommunen skal kunne førebu tilbodet for elevar med store tilretteleggingsbehov i god tid. Dette gjeld særleg om det er behov for spesiell kompetanse eller om det er behov for å tilrettelegge areal i skolane.

Fylkeskommunen kontaktar dei vidaregåande skolane i dei sakene der det er aktuelt å **førebu særleg** med tanke på kompetanse, tekniske hjelpemiddel og fysisk tilrettelegging.

Kommunen/ ungdomsskolen skal sende melding når:

- Ein elev vil søke om fortrinnsrett til eit særleg utdanningsprogram § 4-21
- Ein elev vil søke om fortrinnsrett på grunn av sterkt nedsett psykisk eller fysisk funksjonsevne og treng inntak til ein skole som er særskilt tilrettelagt § 4-22.

Krav til melding om elev som vil søke fortrinn til særleg utdanningsprogram

Søkar må ha

- Omfattande behov for individuell tilrettelegging
- Vedtak om rett til individuelt tilrettelagt opplæring (ITO)
- Særlege behov for opplæring på eit bestemt utdanningsprogram.
- Sannsynleggjort at ein vil nå full måloppnåing i vidaregåande opplæring viss ein får tilbod på eit bestemt utdanningsprogram

§ 4-21
i
opplærings-
lova:

Meldinga frå kommunen skal presisere

- Vanskane som ligg til grunn for enkeltvedtak om ITO
- Kvifor eleven oppfyller vilkåra for inntak til særleg utdanningsprogram
- Tidlegare tiltak i opplæringa til eleven
- Kva vanskane har å seie for vidaregåande opplæring

Vilkår er at søkaren har mulegheit til å fullføre vidaregåande opplæring med yrkes- eller studiekompetanse, altså full måloppnåing med karaktervurdering i alle fag, viss eleven får opplæring på eit bestemt utdanningsprogram .

Vedlegg til meldinga

1. Vedtak om individuelt tilrettelagd opplæring for 10. klasse
2. Sakkunnig vurdering for ungdomsskolen
3. Individuell opplæringsplan (IOP) for 10. klasse
4. Uttale frå skolen som skal innehalde:
 - a) Vanskane som ligg til grunn for vedtaket om rett til ITO, og kvifor søkaren oppfyller vilkåra
 - b) Tidlegare tiltak
 - c) Kva vanskane vil ha å seie for vidaregåande opplæring.

Fylkeskommunen bestiller sakkunnig vurdering frå PPT vgo

KON, ved ansvarleg for PPTvgo, bestiller sakkunnig vurdering frå aktuelt PPT-kontor når oktobermeldinga er gjennomgått av KON-Inntak.

Denne sakkunnige vurderinga er obligatorisk dokumentasjon ved innsøking 1. februar og er avgjerande for om søkar får godkjent fortrinnsrett til særleg utdanningsprogram. Val av utdanningsprogram må vere i samsvar med, og på grunnlag av, den sakkunnige vurderinga for at søkaren skal bli vurdert tatt inn med slik fortrinnsrett.

Den sakkunnige vurderinga skal gjere greie for og ta standpunkt til

- Kva vanskar som ligg til grunn for søknaden
- Tidlegare tiltak i opplæringa
- Kva vanskane har å seie for opplæringa i Vigo
- Om søkeren har særlege behov for å bli teken inn på eit særskilt utdanningsprogram
- Om søkeren har særlege behov som ikkje kan sikrast ved at hen blir tatt inn på eit av tre valde utdanningsprogram
- Om det er sannsynleg at eleven ut frå sine føresetnader har større mulegheit til å fullføre vgo med yrkes- eller studiekompetanse dersom han eller ho blir tatt inn til eit særleg utdanningsprogram enn om hen blir tatt inn på eit anna utdanningsprogram
- Om søkeren har føresetnader og moglegheiter til å fullføre andre utdanningsprogram enn det som er oppført som primært val
- Behovet søkeren har for særskilt tilrettelegging i vidaregåande opplæring dersom eleven blir tatt inn på det særlege utdanningsprogrammet samanlikna med andre utdanningsprogram

Krav til melding frå kommune om at eleven vil søke fortrinn på grunn av sterkt nedsett funksjonsevne

Søkar må ha

- Omfattande behov for individuelt tilrettelagt opplæring
- Eit særleg behov for å bli teken inn på ein skole som er særskilt tilrettelagt

§ 4-22
i
opplærings-
lova

Meldinga frå kommunen må dokumentere at eleven:

- Har enkeltvedtak om rett til individuelt tilrettelagt opplæring (ITO)
- Har sterkt nedsett psykisk eller fysisk funksjonsevne
- Har pga. sterkt nedsett funksjonsevne særleg behov for tilbod ved ein skole som er særskilt tilrettelagt

Eksempel på dokumentasjon er sakkunnig vurdering frå PPT, enkeltvedtak og IOP for inneverande skoleår og i enkelte høve dokumentasjon om eleven si helse.

Alle som søker om særskilte retter i inntak til vidaregåande opplæring skal sende inn skjema med dokumentasjon parallelt med obligatorisk søking i Vigo.

Vurdering av om eleven har **sterkt nedsett funksjonsevne** og har behov for inntak på ein skole som er særleg tilrettelagt:

Dokumentasjonskrav	<u>Obligatorisk:</u> Gjeldande sakkyndig vurdering frå PPT og enkeltvedtak om rett til ITO for inneverande skoleår <u>Anna aktuell dokumentasjon:</u> IOP med vurderingar/ årsrapport og dokumentasjon på sterkt nedsett funksjonsevne
Rettskrav	Ungdomsrett (Eleven må vere kvalifisert til vgo, ikkje fullført vgo, og under 25 år)
Vurdering av at eleven har særleg behov for opplæring på ein skole som er særskilt tilrettelagt	Det må vere tungtvegande grunnar til at eleven treng fortrinn inn på ein bestemt skole. Det må vere avgjerande for eleven si opplæring at hen kjem inn til ein bestemt skole med ei særskilt tilrettelegging Det skal vere samanheng mellom den sterkt nedsette funksjonsevna og behovet for opplæringstilbod på ein bestemt skole.
Vurdering av om eleven har sterkt nedsett funksjonsevne	Elevar med sterkt nedsett funksjonsevne har f.eks. langvarig fysisk, psykisk, intellektuell eller sensorisk funksjonsnedsetting som i møte med ulike barrierar kan hindre dei vesentleg i å delta fullt ut i samfunnet, på lik linje med andre. Har eleven så avgrensa funksjonsevne at det er til stort hinder i kvardagen? Det kan vere fysisk eller psykisk sterkt nedsett funksjonsevne, med påfølgande store sosiale utfordringar. Er eleven sitt hjelpebehov så omfattande at det er avgjerande at eleven får tidleg inntak? Både for eleven sitt beste og for at skolen skal vere godt førebudd. Er eleven sitt hjelpebehov så omfattande at eleven ikkje vil kunne konkurrere seg inn i vidaregåande opplæring? Ein <u>kan</u> sjå på om eleven har gode karakterar og vil klare å konkurrere seg inn på førsteønske utan fortrinn, men karakterar skal ikkje vere ein avgjerande faktor. Det er funksjonsevne og behov for tilbod på ein bestemt skole som skal vere avgjerande. Sterkt nedsett funksjonsevne inneber ei langvarig og kronisk funksjonsnedsetting som ikkje gjeld bare akkurat ved inntak til vgo.
Vurdering av kva som er eleven sitt beste	Kva er eleven sitt beste, og har vi eleven si stemme? Heile bildet er viktig. Er det slik at eleven har større mulegheit til å nå sine opplæringsmål viss eleven får fortrinn til inntak på en bestemt skole som er særleg tilrettelagt?
Er saka nok opplyst?	Saka skal vere tilstrekkeleg opplyst til at fylkeskommunen kan fatte vedtak om inntak. Er ikkje saka tilstrekkeleg opplyst kan meir informasjon bli etterlyst via hjelpeinstans og/ eller eleven.

Lista over er uttømmende, og alle faktorane må vere på plass for å gi eleven fortrinn i inntaket.



Rett til individuell behandling for elevar med ITO

Frist for å søke i Vigo og sende inn dokumentasjon er 1. februar, og inntak skjer i starten av juli, og i mai for nokre av dei. Følgjande kategoriar er aktuelle:

§ 4-20a	§ 4-26/ 4-13a	§ 4-26/ 4-13b
Har ITO og manglar karaktervurdering (IV) i meir enn 50% av karakterane frå 10. kl. Inntak til Vg1	Manglar karaktervurdering pga. innhald i ITO Inntak til Vg2/ Vg3	Har plan om å følgje vgo med individuellt utvalde kompetansemål Inntak til Vg2/ Vg3

Det er talet på karakterar på vitnemålet som gjeld. karakter.

§ 4-20a
Har ITO og fritak for karaktervurdering (F) i meir enn 50% av faga frå 10. kl. Inntak til Vg1 Desse får inntak i mai

Dei vidaregåande skolane må samarbeide med KON-inntak, slik at dei startar arbeidet med overgang og planlegging av opplæringa for dei elevane som har fått **grønt lys** i løpet av våren og fram til inntak køyrast.

Avgivarskolar/ungdomsskolar må vere nøye med å hjelpe eleven til å sende inn god dokumentasjon, slik at ein kan ta omsyn til dette i saksbehandlinga med tanke på eleven sitt beste når ein skal gje skoletilbod.

Rett til individuell behandling for elevar med særskilt språkopplæring

Frist for å søke i Vigo og sende inn dokumentasjon er 1. februar, og Inntak skjer i starten av juli. Følgjande kategori er aktuell:

§ 4-20a

Har **særskilt språkopplæring og manglar karaktervurdering** i meir enn 50% av karakterane frå 10. kl.

Inntak til Vg1

Meir info: [Tilbod for minoritetsspråklege i Møre og Romsdal](#)

Rett til individuell behandling i inntaket pga. tungtvegande årsaker

Frist for å søke i Vigo og sende dokumentasjon er 1. februar, og inntak skjer i starten av juli.

§ 4-20, 3. ledd

Fylkeskommunen kan behandle søkarar individuelt dersom det ligg føre **tungtvegande årsaker** og søkaren har eit **særleg behov** for individuell behandling

Inntak til Vg1/ Vg2/ Vg3

Her er det ikkje krav om at eleven må ha rett til ITO. Gjeld for søkarar som kan dokumentere at dei treng tilbod ved ein skole i eit bestemt område fordi dei:

- er inne i eit behandlingsopplegg
- er under oppfølging av barnevernet
- er mindreårige asylsøkarar i asylmottak/ omsorgssenter

- av andre tungtvegande årsaker må ha skoletilbod i eit gitt nærområde
- er komen til Noreg etter januar året før innsøking (jf. folkeregister)

Dokumentasjon frå behandlar må beskrive/gje ei vurdering av eleven sin funksjonsevne i kvardagen. Konkretiser nærare kva som er dei medisinske utfordringane og kvifor det er eit særleg behov for skoleplass i nærleiken av heimen/ behandlinga. Dokumentasjon frå behandlar må innehalde dato, vere stempla og underskrevet av behandlar.

Dokumentasjon frå barneverntenesta må dokumentere at eleven er busett i fosterheim eller i institusjon det kommande skoleåret.

Dokumentasjon frå flyktingtenesta må dokumentere at ungdommen er einsleg mindreårig asylsøkar busett i mottak, og skal ha oppfølging kommande skoleår.

Dokumentasjon frå behandlar, barnevern eller flyktingtenesta kan som hovudregel ikkje vere eldre enn 3 månadar og må beskrive eleven sin situasjon påfølgande skoleår.



OBS: Sjølv om ein har karakterpoeng så får ein ikkje konkurrere med desse viss ein søker om individuell behandling

Elevar som søker studieførebuande på same skole til neste nivå, treng ikkje søke om individuell behandling då dei får 50 tilleggspoeng i inntaket

Rett til individuell behandling pga. manglende karakterar

§ 4–20a

Manglar karaktervurdering frå 10. kl.

Inntak til Vg1

Vurdering av rekkefølge for søkarar til 1. februar

Alle har rett til inntak til 1 av 3 utdanningsprogram når dei søker Vg1, men ein kan ha særskilte rettar som gjer at ein får tilbod før andre elevar. Elevar som har rett til **fortrinn** skal ha tilbod først, og desse får melding om skoletilbod i mars. Elevane som har rett til **individuell behandling** skal også ivaretakast i inntaket. Ein del av desse må ha vitnemålsskarakterar før dei blir ferdig behandla, og dei får derfor inntak i starten av juli, samtidig med ordinært inntak.

Rekkefølga når ein tildeler tilbod blir noko forenkla slik:

1. Rett til fortrinn	Søknadsfrist 1. februar Inntak i mars	Får tilbod før alle andre
2. Rett til individuell behandling	Søknadsfrist 1. februar Inntak i mai og juli	Får individuell behandling og plasserast før resten
3. Rett til ordinært inntak	Søknadsfrist 1. mars Inntak i juli	Konkurrerer om plassar med karakterpoeng i Vigo

I utgangspunktet har ingen rett til inntak på førsteønsket sitt



Både fortrinn og individuell behandling gjer rett til inntak på 1 av 3 ønsker

Kven gjer kva i inntaksprosessen?

Hjelpeinstans – Skole, OT eller anna instans

- Hjelpe elevar å søke på www.vigo.no, fylle ut skjema og legge ved nødvendig dokumentasjon.
- Vidaregåande skolar samarbeider med KON-inntak i søkarliste i IOP-sky fram til inntak med fortrinn gjennomførast i medio mars. Og samarbeider deretter om informasjonsoverføring for elevar med rett til ITO som søker om individuell behandling i inntaket i juli.
- Vidaregåande skole inviterer elevar som har fått inntak med fortrinn til samtale om opplæringstilbodet saman med føresette, avgjevarskole, og avgjevar-PPT og mottakar-PPT i løpet av april-mai.
- Vidaregåande skole inviterer også elevar som har søkt om individuell behandling med frist 1. februar til samhandlingsmøte og informasjonsoverføring, sjølv om eleven ikkje formelt får tilbod før i juli.
- Vidaregåande skole utarbeider enkeltvedtak om rett til ITO for elevane som inntak med fortrinn når elevane blir tilgjengelege i InSchool. Etter at enkeltvedtak er klart, skal det utarbeidast IOP i dei faga der eleven har ITO. Skolen har ansvar for å gjere sakkunnig vurdering tilgjengeleg for den som skal skrive enkeltvedtak og IOP i InSchool.


Trafikklys

Elevar som søker om individuell behandling saksbehandlast mellom februar til juli, og skolane får informasjon m.a. via trafikklys slik:

Raudt: Fyller ikkje vilkåra

Gult: Fyller kanskje vilkåra

Grønt: Fyller svært sannsynleg vilkåra, slik at skolane kan starte arbeid med overgang og planlegge opplæring



Fylkeskommunen ved KON-Inntak

- Vere rådgivar og rettleiar for hjelpeinstans i innsøkingfasen. Informere om lovverk og forskrift, samt gjere greie for inntaksrutinar og søknadsprosess i vgo i fylket.
- Gi tilgang til liste over søkarar til fortrinn (frå februar) og individuell behandling (frå medio mars) til skolane i IOPsky. PPTvgo gir listene til PPT.
- Saksbehandle søkarane, og be om eventuell dokumentasjon som manglar. Fatte vedtak om skoletilbod. Fortrinn i mars og individuell behandling til juli.

- ## Pedagogisk psykologisk teneste for vgo:

- Mandatet til PPT er fastsett i opplæringslova § 11-13
- PPT skal samarbeide med og støtte skolane i det førebyggjande arbeidet for å sikre eit inkluderande opplæringstilbod for elevar som kan ha behov for tilrettelegging.
- Dette inneber å rettleie skolane i arbeidet med tilpassing av opplæringa og bidra til at tiltak vert sette inn så tidleg som mogleg.
- PPT skal òg støtte skolane i kompetanse- og organisasjonsutvikling for å tilby ei inkluderande og tilrettelagd opplæring.
- Når lov eller forskrift krev det, skal PPT utarbeide sakkunnig vurdering.



Fullføringsretten for elevar med store hjelpebehov og mål om lågare sluttkompetanse

Når har elevar med mål om lågare sluttkompetanse enn studie- eller yrkeskompetanse fullført vidaregåande opplæring?

RETTE	I utgangspunktet skal ein ungdom gå vidaregåande opplæring fram til han har oppnådd <u>planlagt kompetanse</u>. Det er derfor viktig å vere klar på kva eleven skal etter vgo allereie tidleg i løpet. Kople på kommune og føresette frå start. Ei forventningsavklaring er viktig for alle partar. Skal eleven i tilrettelagt arbeid? Dagtilbod? Verna bedrift? Lærekandidat? Anna?
TIDSPERSPEKTIV	Der eleven ikkje kan ha fulltids opplæring, kan det ta lengre tid enn i utgangspunktet planlagt å oppnå den planlagde kompetansen I tilfelle der eleven har svært stor utvikling i læringspotensial (kognitiv endring, stor utvikling i språk eller kommunikasjon o.l.) undervegs i løpet, kan det også vere aktuelt med meir opplæring enn opprinneleg planlagt Utover det så bør ein tidleg ha ein plan der løpet er f.eks. tre år eller fire år i vgo
OMFANG AV OPPLÆRINGA	Kor mange timar per veke? Om det kanskje er realistisk å nå fleire læremål når planlagt opplæring nærmar seg slutten, så er det ofte svært usannsynleg at det dreier seg om behov for 30-35 timar opplæring kvar veke. Løysinga kan vere eit opplæringstilbod i nokre timar i veka, parallelt med overgang til kommune/ tilrettelagt arbeid/ anna. Det er svært få som har behov for og klarar å stå i eit fulltids skoletilbod utover 3 år/ 5 år
PLAN FOR LØPET	Det skal gå fram av enkeltvedtaket om ITO/ individuelt tilrettelagt opplæring og IOP kva eleven si planlagde sluttkompetanse skal vere. Med <u>målbare og realistiske mål</u>. Det bør også gå fram at løpet er planlagt gjennomført på for eksempel 2/3/4 år. Plan for heile opplæringsløpet må tidleg på plass, og overgang til kommune og eventuelle andre tiltak må planleggast i god tid. Ein god overgang krev godt samarbeid mellom instansar.
INNHALD I OPPLÆRINGA	Kva skal ein bruke tida i vgo til? Skil mellom reell opplæring og det som høyrer heime i eit varig dagtilbod. Skil mellom skole og aktivitetstilbod, og mellom opplæringstilbod og helsetilbod. Skole er opplæring, utvikling av ferdigheiter og kompetanseheving. Vgo skal ikkje brukast til varig repetisjon eller varig vedlikehald av kompetanse (livslang læring). Fokus på realistiske læringsmål. Utvikling av kompetanse og målbar progresjon
ELEVENS BESTE	Vurdering av kva som er best for eleven er viktig. Kva læringspotensiale har eleven, og kva reell nytte har eleven av opplæringa? Ha fokus på opplæring til livet etter vgo. Det er også oftast til elevens beste å bli ferdig med vgo og begynne vaksenlivet omtrent når andre gjer det

DOKUMENTASJON	PPT skal ikkje skrive sakkunnig vurdering om behov for meir opplæring i vgo, slik rutinen var tidlegare. Men ved store endringar i elevens læringspotensial, kan det vere aktuelt med ei tilleggsuttale til gjeldande sakkunnig vurdering
FULLFØRT	Har eleven nådd si planlagde sluttkompetanse, altså sine individuelle mål jf. enkeltvedtak og IOP, reknast det som at eleven har fullført opplæringa Har eleven nådd si <u>realistiske kompetanse</u> ?

Det er viktig å presisere at elevar som kan oppnå full kompetanse skal ha mogelegheit til det. Dette kan t.d. gjelde i enkeltfag. Det er viktig at gruppeorganisering på skolane ikkje står i vegen for at elevar får sine individuelle rettar til å oppnå karakter og full kompetanse i enkeltfag.

Det er også viktig å få gode avklaringar som gjer det tydeleg når elevar med individuelle mål også har nådd si planlagde kompetanse og dermed har fullført vidaregåande opplæring, slik at dei ikkje blir verande lenger i vgo enn det som er forsvarleg i forhold til elevens beste.



Elevar som søker ordinært inntak og vil melde om behov for tilrettelegging

Frist for å søke i Vigo og sende inn dokumentasjon er 1. mars. Inntak skjer i starten av juli.

Melding til skolen om behov for tilrettelegging

Skjema er laga for informasjonsoverføring om tilretteleggingsbehov som skolen må ta omsyn til innanfor den ordinære opplæringa.


Det kan vere ulike behov for tilrettelegging av opplæringa eller at ein har vedtak om individuelt tilrettelagt opplæring (ITO).

Det kan gjelde f.eks.

- Behov for individuelt tilrettelagt opplæring (tidlegare spesialundervisning)
- Behov for særskilt språkopplæring
- Behov for personleg assistanse
- Medisinske vanskar som skolen bør vite om
- Andre tilretteleggingsbehov

Dette skjemaet blir ikkje saksbehandla av fylkeskommunen. Hensikta er å sikre informasjonsoverføring og gi ein tryggare overgang frå grunnskole til vidaregåande. Skjemaet gjeld ikkje som søknad om rett til individuelt tilrettelagt opplæring. Ein slik eventuell rett blir tatt stilling til etter at eleven har fått skoleplass.

[Skjema for å melde frå om tilretteleggingsbehov.](#)



Kven gjer kva etter at melding om behov for tilrettelegging er sendt inn?

Prosess før inntak – Kartlegging og møte med eleven

Meldeskjema sendast automatisk til skole oppført som førsteønske via fylkeskommunens sak- og arkivsystem.

Dei vidaregåande skolane startar gjennomgang av meldeskjema og kartlegging av elevgruppa i løpet av våren. Skolen kan innhente meir informasjon som er relevant for tilrettelegging av opplæringa om det er behov for det. Det er naturleg å kartlegge om søkaren har opplagt behov for individuelt tilrettelagt opplæring eller om det er behov for ytterlegare kartlegging.

Om søkaren har kryssa av for at hen har rett til ITO inneverande skoleår kan skolen invitere søkaren og føresette til eit møte. Det kan gjerne skje før skolestart.

Søkarar som ikkje har rett til ITO kan også ha kryssa av at dei ønsker eit møte med skolen. Dette møtet bør gjennomførast så snart som mogeleg etter skolestart. Skolen kontaktar eleven og eventuelt føresette.

Dersom møte med søkar og føresette skjer før inntak er køyrt i juli, er det viktig at skolen presiserer at plan for opplæringa er aktuell viss eleven kjem inn ved skolen.

Prosess etter inntak

Skolane har tilgang til inntakslistar i Vigo Skole.

Om eleven kjem inn på lågare ønske må skolen fordele meldeskjema og anna viktig informasjon til skolen der eleven har fått tilbod. KON gir skolane lister over skjema som må fordelast til annan skole.

I ein del tilfelle vil elevar få andre tilbod via direkte kontakt med skolane, og då må skolane sjølv sjekke opplæringsmappene og be om å få fordelt nødvendige dokument.

Mykje av kartleggingsarbeidet vil skje i starten av skoleåret, og målet er å komme fort i gang med eit godt tilpassa opplæringstilbod.



Tilpassa opplæring og individuell tilrettelegging

Fylkeskommunen skal sørge for at opplæringa er tilpassa, slik at elevane får eit tilfredsstillande utbytte av opplæringa uavhengig av føresetnader og at alle skal få utnytta og utvikla evnene sine.

Tilpassa opplæring og individuell tilrettelegging har i ny opplæringslov frå august 2024 fått ei ny inndeling. Sjå kapittel 11 i opplæringslova:

Rett til personleg assistanse 	Rett til fysisk tilrettelegging og tekniske hjelpemiddel	Rett til individuell tilrettelagt opplæring ITO
---	---	--

Eleven kan ha rett til ein eller fleire av desse. Målet er at eleven skal ha den tilrettelegginga som trengst for å delta i opplæringa og ha eit tilfredsstillande utbytte. Krav til dokumentasjon varierer etter kva eleven har behov for, men for å få rett til ITO må det ligge før sakkunnig vurdering frå PPT som gjeld opplæringa i vidaregåande opplæring. Malar for vedtak finns i saksbehandlingsmodulen i InSchool.

Har eleven utbytte av den ordinære opplæringa?

Skolen må vurdere

- Eleven sitt meistrings- og funksjonsnivå
- Eleven sine føresetnader for læring og utvikling.
- Arbeidsmåtar, vurderingspraksis, og læringsmiljø.
- Korleis det ordinære er tilrettelagt.

- Om eleven har særskilte behov.
- Nedre grense for kva som er tilfredsstillande utbytte av opplæringa.

Spesialpedagogisk arbeid

På Utdanningsdirektoratet si nettside finn du [Veileder om tilpasset opplæring og individuell tilrettelegging](#)

Utdanningsdirektoratet

SØK MENY

Veileder om tilpasset opplæring og individuell tilrettelegging


Veilederen utdyper regelverket for individuell tilrettelegging, men tar også for seg tilpasset opplæring og prosessen frem mot at en elev, lærekandidat eller voksen deltaker får rett til individuell tilrettelegging.

REGELVERK | SIST ENDRET: 04.04.2025

📄 Last ned 🖨️ Skriv ut

Dokumentrekka fram til ITO

Vegen fram til individuelt tilrettelagt opplæring, og kven som har ansvar:



Ansvarleg ved skolen må sørge for at den sakkunnige vurderinga lastast opp når enkeltvedtaket utarbeidast i InSchool, slik at både vedtak og sakkunnig vurdering er tilgjengeleg for faglærer som skal skrive IOP.

IOP er eit levande dokument og kan justerast i løpet av skoleåret.

Dokumentrekka fram til ITO

ITO -> Individuelt tilrettelagt opplæring

Opplagt behov for ITO

Bestilling til PPT
og opprette
tidsavgrensa
vedtak

ITO-ansvarleg ved skolen skal kvalitetssikre og godkjenne bestilling

Aldri fatte varig vedtak utan gyldig sakkunnig vurdering for vgo

Bekymring

Utpøving:
kartlegging
organisering
arbeidsmetode

Vurdering

Ikkje bestilling til PPT, men tilretteleggingstiltak starta

eller

Generell tilrettelegging
ikkje nok

Melding til ansvarleg ved skolen som gjer ei vurdering

Pedagogisk rapport
m. bestillingsskjema

Viktig med godt innhald og grundig kartlegging

PPT

Sakkunnig vurdering
utarbeidast

Enkeltvedtak om rett til ITO

Viktig at vedtaket har nok innhald og tydelege mål

IOP

Eit levande dokument som kan justerast om det er behov. Så fram det er i tråd med enkeltvedtaket

Ber om
at skolen
vurderer eleven
sitt utbytte av
opplæringa

Eleven sjølv eller føresette kan be om vurdering av eleven sitt utbytte

Frå grunnskole til vgo
SKAL det lagast ny sakkunnig vurdering

Frå Vg1 -> Vg2 -> Vg3
kan ein vurdere behov for tilleggssuttale eller nye sakkunnig vurdering

Eleven får individuelt tilrettelagt opplæring

Behov for individuell tilpassing av opplæringsløpet

Tilpassa løp

Fylkeskommunen kan tilby enkeltelevar **tilpassa løp** i vgo. Det er ikkje ein rett eleven har, men noko fylkeskommunen kan gjere for å tilpasse løpet for kvar elev. Det er altså ei individuell tilrettelegging av eleven sine behov, og gjeld ikkje heile klassar eller grupper.

Å starte eit tilpassa løp krev samtykke frå eleven, og skolen skal fatte enkeltvedtak som viser avviket frå fag- og timefordelinga. Ein må følgje læreplanen for det enkelte faget, og kan ikkje utelate heile, eller delar av fag. Eit fag kan undervisast over ein lengre eller kortare periode enn eitt år.

Tilpassa løp er eit planlagt avvik frå fag og timefordeling på eltt og same trinn i vgo, og eleven kan kun takast inn ein gong til trinnet sjølv om det planleggast at ein skal ta det over lengre tid. Derfor skal ikkje eleven søke same trinnet fleire gonger i Vigo. Fylkeskommunen sikrar i staden eleven inn i tråd med vedtaket om tilpassa løp. Sikringa gjeld inntak på same trinn, same utdanningsprogram og same skole.

Skolane finn mal for vedtak om tilpassa løp i Websak under standardmalar: *Vedtak om tilpassa løp*.

Frist for å innvilge søknad er **28. februar**. Skolane kan om ønskeleg setje søknadsfrist lokalt som gjer det muleg å behandle søknader innan denne fristen. Etter 1. mars kan desse elevane bli ivaretatt av rett til meir opplæring i dei faga som er aktuelle.

Søknader om tilpassa løp kan ikkje få avslag pga. manglande dokumentasjon, men ikkje alle som ønsker tilpassa løp vil få det. Som hovudregel er tilpassa løp for elevar som er motiverte, men som av ulike årsaker ikkje kan fullføre på normert tid. Tilpassa løp skal gjerast etter prinsippet om «føre var», og er ikkje tiltenkt å fungere som

Kva gjer eg om eg ikkje klarer å ta alle faga eller fullføre på normert tid?



en redningsplanke for elevar med høgt fråvær. Elevar som får tilpassa løp skal ikkje ha meir enn 10% fråvære. Det kan vere eit godt tilbod for:

- Minoritetsspråklege elevar
- Elevar med spesialpedagogiske behov som treng tilpassa løp for å fullføre og bestå vgo
- Elevar som pga. sjukdom eller andre tungtvegande grunnar ikkje kan gjennomføre på normert tid. Omsynet til eleven skal leggst til grunn, og søknaden kan ikkje få avslag pga. manglande dokumentasjon, for eksempel legeattest.

Reservasjon av skoleplass

Elevar som må avbryte opplæringa pga. sjukdom eller andre tungtvegande grunnar, kan søke fylkeskommunen om **reservasjon av skoleplass**. Det må ligge ved dokumentasjon på årsaka til avbrotet. Det er viktig at det ligg ved presis dokumentasjon, då reservert skoleplass ikkje er aktuelt for elevar som avbryt opplæringa av andre årsaker. Skolen skal sende inn avbrotsskjema for eleven, og KON-inntak fattar enkeltvedtak.

Eleven må ha ungdomsrett for å få reservert skoleplassen til året etter ved same skole og same tilbod. Eleven må søke i Vigo på same utdanningsprogram/ programområde påfølgande skoleår, viss ikkje så faller vedtaket bort. Inntak reserverer skoleplass.

[Lenke til søknad om reservert skoleplass](#)

Meir opplæring

Dei som ikkje har bestått standpunktkarakter eller eksamenskarakter i eitt eller fleire fag, har rett til å få **meir opplæring** viss dei har delteke i opplæringa fram til 1. mars.

Opplæringa må samsvare med læreplanen i faget, men skolen kan gjere avvik frå timetalet. Fristen for å søke om meir opplæring må vere minst ei veke etter siste sensur for standpunkt og ordinær eksamen i faget. I Møre og Romsdal er ansvaret for gjennomføringa av meiroplæringa lagt til skolane. Meir opplæring kan skje parallelt med at eleven startar på neste skoleår.

KVA	NÅR	KVEN	KVA SKOLEN GJER
Tilpassa løp	Vedtak seinast 28. februar	For elevar som treng meir tid for å klare å fullføre opplæringa på eit nivå	Skolen må vurdere om det er behov seinast etter 1. termin
Reservert skoleplass	Kan søkast om heile skoleåret	For elevar som må avbryte opplæringa pga. sjukdom eller annan tungtvegande årsak	Skolen må rettleie elevar som må avbryte opplæringa pga. sjukdom eller anna tungtvegande årsak
Meiroplæring	Søknad etter at karakterar er satt	For elevar som har deltatt i opplæringa fram til 1. mars og som ikkje kan bestå fag	Etter 1. mars kan skolen begynne arbeidet med å sjå kven som kan trenge meir opplæring



Generell informasjon

Ein elev i vgo må vere kvalifisert for å få gå opp til neste nivå viss målet er studie- eller yrkeskompetanse

Ein elev som har mål om lågare sluttkompetanse kan gå same nivået over fleire år med ein kode bak utdannings-programkoden.

Ein elev i vgo må ikkje gå fulltids opplæring, men kan ta opplæringa over lenger tid

Avdeling Fannefjord

Fannefjord er ei avdeling ved Romsdal vgs. Tilbodet har eigen lokasjon i Molde og tilbyr eit tilrettelagt skoletilbod for elevar som på grunn av psykiske, sosiale eller emosjonelle vanskar ikkje kan vere elev ved ein ordinær skole.

Undervisninga gjennomførast i små grupper og det blir lagt vekt på å trygge den enkelte elev, samt trivsel og å høyre til i eit skolemiljø. Skoletilbodet leggst til rette for den enkelte elev når det gjeld fagkombinasjon, mengde og progresjon.

Fannefjord tilbyr ikkje komplett vidaregåande opplæring, men toårige løp for den som i ein periode ikkje kan få tilbod ved ein ordinær vidaregåande skole. Sjølv om avdelinga er underlagt Romsdal vgs, skal det framleis vere eit tett samarbeid med andre vidaregåande skolar i fylket, med mål om å gi eleven eit vidaregåande løp fram mot full kompetanse.

Ein kan søke til Fannefjord rett frå grunnskolen, eller etter at ein har starta vgo. Det er muleg å søke om tilbod undervegs i eit skoleår. Inntak gjerast i samarbeid mellom administrasjonen ved avdelinga og KON Inntak. For å få tilbod om plass må vanskane eleven har vere dokumentert.

Kven kan få skoleplass på Romsdal vgs, avdeling Fannefjord?

1. Elevar som har behov for eit skjerma skoletilbod pga. dokumenterte psykiske, sosiale eller emosjonelle vanskar som gjer at eit opplæringstilbod i ordinær skole ikkje kan følgjast

2. Elevar som har ungdomsrett. Altså frå ein har fullført grunnskolen og fram til det året ein fyller 24 år
3. Elevar som ikkje har fullført vidaregåande opplæring med studiekompetanse eller yrkeskompetanse
4. Elevar som har full kompetanse som mål for vidaregåande opplæring. Altså karaktervurdering i fag

Alle fire punkta må gjelde om ein skal ha opplæringstilbod ved Fannefjord. Meir info om tilbodet finn du på [heimesida](#) til skolen. Der er det også meir informasjon om dokumentasjonskravet for å få tilbod.

Elevar busett i barnevernsinstitusjon

Fylkeskommunen har ansvar for opplæring for elevar plassert i institusjon etter vedtak i barnevernslova. Det gjeld både grunnskoleopplæring og vidaregåande opplæring.

Vi har desse barnevernsinstitusjonane i fylket:

- Sunnmørsheimen ungdomsheim, to avdelingar i Volda.
- Husafjellheimen ungdomsheim i Ålesund.
- Humla akuttsenter i Ålesund.
- Rena ungdoms- og familiesenter, RUFS, i Ålesund.
- Kollen ungdomsbaser på Vestnes.
- Stendi med institusjonar i Hustadvika og i Molde.
- Clausenenga ungdomshjem i Kristiansund.

Dei elevane som går i grunnskolen følger stort sett opplæringa ved institusjonen sin nærskole. Fylkeskommunen og kommunen der institusjonen ligg har avtaler om kjøp av opplæringstenester for elevane.

Når det gjeld vidaregåande opplæring kan eleven søke om individuell behandling i inntak til vidaregåande opplæring og på denne måten sikre seg skoleplass i pendleavstand til institusjonen.

Er eleven ikkje søkt inn med behov for individuelt tilrettelagt opplæring, så må den vidaregåande skolen følgje med på om hen greier å gjere seg nytte av opplæringstilbodet. Av ulike årsaker har ein del av desse ungdommane med seg lite dokumentasjon, og få vurderingar frå tidlegare skoletilbod.

Behov for tilrettelagt skyss

Elevlar med varig eller kortvarig funksjonshemming, skade eller sjukdom som gjer at dei treng skoleskyss, har rett til dagleg skoleskyss uavhengig av avstand.

Føresette/ elev leverer søknad om skoleskyss til skolane, som sender erklæring frå sakkunnig (lege eller anna helseinstans) saman med skjema for skyssinformasjon til fylkeskommunen. Det er viktig at sakkunnig brukar skjema utarbeidd av fylkeskommunen. Fylkeskommunen gjer vedtak så snart som råd, og sett i gang skyss.

Opplæringslova gjev ikkje skyssrett dersom eleven har tilbod om leksehjelp, eller mottek eit avlastnings-tilbod før og etter skoletid.

Spørsmål som gjeld skoleskyss kan sendast elektronisk til: skoleskyss@mrfylke.no.

Dersom vedtaket frå samferdselsavdelinga viser at eleven treng følgjeperson for å kunne nytte seg seg skyssen, så må skolen ta ansvar for å organisere dette.

Undervisning utanfor skolen/ Heimeundervisning

Hovudregelen er at opplæring skal skje på skolen, men unntaksvis kan elevlar ha rett til å få opplæring i heimen/ alternativ organisering i ein avgrensa periode.

Ved kortvarig sjukdom har ikkje fylkeskommunen plikt til å gi opplæring på andre arenaer, men ved lengre periodar med fråvære pga. sjukdom kan fylkeskommunen i nokre høve ha plikt til å gi opplæring på andre arenaer enn skolen. Kva som blir sett på som langvarig sjukdom, må vurderast i kvart tilfelle. Moment i denne vurderinga er elevens tilstand og forventa fråvær. Det avgjerande er om elevens sjukdom fører til eit fråvær som gjer at eleven ikkje får oppfylt retten sin til opplæring eller får tilfredsstillande utbytte av opplæringa. **Retten til heimeundervisning må stadfestast gjennom sakkunnig vurdering frå PPT og enkeltvedtak om rett til individuelt tilrettelagt opplæring.** Det skal utarbeidast IOP for perioden eleven har individuelt rett til opplæring i form av heimeundervisning og den skal innehalde plan for overgang tilbake til ordinær skole.

Vedtak om heimeundervisning er ei særskilt tilrettelegging for enkeltelevlar, og eleven har same plikt til å delta og sørge for at faglærar har eit vurderingsgrunnlag på same måte som ved ordinær opplæring på skolen.

[Lenke til reglar for heimeundervisning](#)

NAV hjelpemiddelsentral

Hjelpemiddelsentralen har eit overordna og koordinerande ansvar for hjelpemiddel til funksjonshemma, og er eit ressurs- og kompetansesenter for offentlege instansar og andre som har ansvar for å løyse funksjonshemma sine hjelpebehov. Tidleg kontakt er viktig for å få nødvendige hjelpemiddel som t.d. teleslynge, spesialstol og liknande på plass til skolestart.

Tolk

Det er skolen si oppgave å skaffe tolk, f.eks. døvetolk eller skrivetolk, for elevar ved skolen. Behovet må formidlast tidleg til skolen/ fylkeskommunen, slik at ein rekk å skaffe kompetanse om slik ikkje allereie finns ved skolen.


Vidaregåande opplæring ved Tøndergård skole og ressurscenter – PPT

Elevar som får tilbod om vidaregåande opplæring ved Tøndergård skole og ressurscenter, skal ha ny sakkunnig vurdering for vidaregåande opplæring.

Desse elevane kjem frå ulike kommunar i fylket og har ofte hatt langvarige utfordringar. PP-tenesta i heimkommunen har kjent til vanskaner og har gitt eleven individuelt tilrettelagt opplæring i grunnskulen.

PPT for Aukra og Molde har ansvar for å jobbe systemretta mot Tøndergård, og deltek i samhandlingsmøte med skolen og fylkeskommunen.

- PPT i heimkommunen skal skrive sakkunnig vurdering for vidaregåande opplæring, også ved prolongeringar og tilleggsuttaler.
- Heimkommunen skal delta i ansvarsgruppemøte gjennom heile skoleløpet, for å sikre ein heilskapleg plan for eleven.
- Dersom eleven kjem frå ein kommune utan avtale med fylkeskommunen om kjøp av PPT-tenester, skal PPT for Aukra og Molde skrive vurderinga.





Møre og Romsdal
fylkeskommune

mrfylke.no